



CDen med dikt av Olav H. Hauge og musikk av Stig Børsheim vert lansert om 14 dagar.

Vi har tidlegare skrivne om at den utflytte uskedelingen Stig Børsheim har sett tone til dikt av Olav H. Hauge. Han har også spela nokre av desse inn på CD, og lanseringa skjer på Olav H. Hauge-senteret i Ulvik. Tittelen på CDen er **Nokre fåe songar**. No kan vi høyra smakebitar frå prosjektet. Godt gjennomarbeidd og vakkert fell det i alle fall i smak hos meg.

Stig Børsheim har utdanna seg til fysioterapeut og akupunktør etter at han flytta frå bygda. I tillegg til faget sitt har han vore svært aktiv innan song, musikk og teater mellom anna knytt til Oslo Teatersenter.

Stig Børsheim har samarbeidd med kunstnaren Bodil Cappelen om utvalet av dikt til **Nokre fåe songar**. Ho var gift med Olav H. Hauge.

Uskedelingen kjenner seg knytt til Ulvik og Hauge fordi bestefaren var derifrå, og fordi han har familie og kjende der. Han har også gjeve ut ein CD som heitte **Hard Anger** som var ei hylling til Hardanger med hans egne ord og tonar.

Vi byr på eit par smakebitar her frå CDen som snart kjem.

[Det er den draumen](#)

[Elden](#)

Eg seier berre: NYT DET! Dette er vakkert!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kristian Bringedal.